

Vedtekter

FOR EIKEFJORD GRENDELAG

Vedtekne på skipingsmøte den 28.03.00. Med justeringar på ekstraordinært møte 25.09.03 og årsmøte 30.03.2014

§ 1 Grendelaget

Eikefjord grendelag (seinare kalla laget) er eit friviljig grendelag for alle som bur i Eikefjord.

§ 2 Føremål og arbeidsfelt

Laget sitt føremål er å samle folk som bur i Eikefjord, for i fellesskap å betre nærmiljø og arbeide for ei positiv utvikling av Eikefjord.

Laget skal i sitt arbeid:

- Ta fatt i aktuelle saker for grenda
- Ta i mot saker frå kommunen for fråsegn
- Utarbeide arbeidsplan for laget sitt område

§ 3 Arbeidsår og forpliktning

Rekneskaps-og arbeidsår fylgjer kalenderåret. Laget vert forplikta av leiar i styret sammen med sekretær.

§ 4 Styret

Laget vert leia av eit styre på 7 medlemmar. Styret er vedtaksført når 4 medlemmar er til stades. Styret konstituerer seg sjølv. Det skal førast møtebok for styremøtene.

Styret skal mellom anna:

- Utarbeide årsmelding og årsrekneskap
- Utarbeide arbeidsplan med budsjetttrammer
- Arrangere grendemøter når viktige saker skal drøftast

§ 5 Årsmøtet

Årsmøtet skal:

1. Velje 2 medlemmar til å skrive under møteprotokollen.
2. Handsame styret si årsmelding, rekneskap og arbeidsplan for neste år.
3. Gjere vedtak om sterre pengebeløp.
4. Velje leiar i styret for eit år om gongen. (om den som ein veljer er eit styremedlem som enno har 1 år igjen, må det i tillegg veljast 1 styremedlem for 1 år).
5. Velje 3 styremedlemar. Styremedlemene er valde for 2 år om gongen.
6. Velje 2 revisorar.
7. 1 medlem av valkomiteen for 3 år. Dette skal helst vere mellom avgåtte styremedlemmar frå siste periode. Om det ikkje er nokon avgåtte styremedlemmar frå siste styreperiode vel ein helst mellom dei frå nest siste styreperiode.
8. Handsame andre saker som vert tekne opp.

Det skal førast protokoll for årsmøtet. Vedtak i saker som ikkje er nemnde i innkallinga er berre gyldige dersom ingen av medlemmane protesterer på vedtaket innan ein månad etter årsmøtet. Saker medlemmane vil ha opp på årsmøtet, må vere sendt til styret innan 10.januar. Så langt anna ikkje er vedteke, skjer alle vedtak på årsmøtet med vanleg fleirtal av dei som møter. Til vedtektsendring vert det kravd 2/3 fleirtal blant dei frammøtte. For å nøyste må ein vere fylt 16 år og vere busett i Eikefjord.

§ 6 Valkomite

Laget har ein valkomite med 3 medlemmar. Valkomiteen sin oppgåve er legge fram for årsmøtet forslag på personar for dei val årsmøtet skal gjøre. Leiar av valkomiteen er medlemmet som først vart.